

Justering av bompengetakstane for elbilar i takstgruppe 1 i Bypakke Bergen



Den 25. mars kl 00:00 vert det høgare takstar for elbilar i takstgruppe 1.

Takstane vert justerte med grunnlag i takstvedtak fatta av Vegdirektoratet 16.02.26.

Nye takstar frå 25.03.26:	Elbil - Takstgruppe 1	
	Utanfor rushtid	Rushtid
Full pris	22,00	44,00
Pris med AutoPASS-avtale	17,60	35,20

Rushtid (06:30-09:00 og 14:30-16:30) gjeld ikkje i dei nye bomstasjonane som vart etablerte i høve til Prop. 11 S (2017-2018) som opna 6. april 2019.

Takstgruppe 1 er køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3 500 kg.

Takstgruppe 2 er køyretøy med tillaten totalvekt over 3 500 kg.

Personbiler med tillaten totalvekt over 3 500 kg i køyretøykategori M1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får takstar som køyretøy i takstgruppe 1.

Køyretøy utan dokumentert drivstofftype, motoregenskapar eller eigenskapar gitt for ein underklasse vert belasta høgaste takst innan den takstgruppa køyretøyet tilhøyrer, slik det går fram av gjeldande takstretningslinjer.

Elles gjeld vilkår for bompengar gitt etter gjeldande takstretningslinjer for bompengeprosjekt. Takstvedtaket er tilgjengeleg på <https://ferde.no/takstvedtak>

Takstendringa kan klagast på til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage kan sendast til Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller firmapost@vegvesen.no

